

ETNE KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 9. mai 2016
Tid: kl. 13.00
Sted: Etne tinghus, formannskapssalen

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at vara medlem kan bli innkalla.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen og økonomisjef er invitert i sak 07/16

SAKLISTE:

05/16 Godkjenning av protokoll frå møte 08.02.16

06/16 Referat- og orienteringssaker 09.05.16

07/16 Etne kommune - uttale til årsrekneskapen for 2015

08/16 Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020 – overordna analyse - risikospill

09/16 Synleggjering av kontrollutvalet sitt arbeid

Eventuelt

Aksdal, 02.05.16

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar (sign.)



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordfører (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 07/16)
Varamedlem (til orientering, Pål S. Rullestad er innkalla for Sigve Sæle)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	09.05.16	05/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.02.16

Saksvedlegg: Protokoll får møte 08.02.16

Saksorientering:

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 08.02.16 følgjer vedlagt. Protokollen er lest gjennom og godkjent av leiar i etterkant av møtet og over sendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 08.02.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 02.05.16



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **8. februar 2016** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.00
MØTANDE MEDLEMER:	Ståle Tungesvik (Sp), Ragni S. Fett (V) og Åse Langhelle (Frp)
FORFALL:	Arild Stenberg (H)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	1.vara Pål S. Rullestad (Ap) – møter fast for S. Sæle som har fått fritak til hausten 2016
FORFALL VARAMEDLEMMER:	2. vara Nina V. Vee (Sp) og 3. vara Ivan Kaldheim (H) - kort varsel
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN:	Forvaltningsrevisor Kari Hesjedal – KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Siri Klockarstuen (Ap). Rådmann Pål Nygård og økonomisjef Vegard Bang i sak 04/16
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 23.11.15

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 23.11.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 08.02.16:

Leiar orienterte. Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.02.16:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 23.11.15 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 08.02.16

1. Statusrapport pr. februar 2016
2. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes - munnleg
3. Rapport frå NKRF-konferansen - munnleg
4. K-styrevedtak 15.12.15, sak 99/15 – Fritak frå politisk verv – Sigve Sæle
5. K-styrevedtak 15.12.15, sak 100/15 – Val av revisor 2016-2020
6. Evaluering og val av leverandør – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
7. Årsrapport 2015 - skatteoppkrevjaren i Etne kommune
8. Skatterekneskapen 2015
9. Kommunal rapport 19.01.16 – skatteinntektene 2015 – landsbasis
10. Kommunal rapport 19.01.16 – skattetallene for den enkelte kommune
11. Fylkesmannen i Hordaland – rapport frå tilsyn Etne omsorgssenter 2015
12. eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organ
13. Referat frå møte i Kommunesektorens etikktutval 23.11.15
14. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.12.15
15. Årshjul – kontrollutvalets oppgåver

Handsaming i kontrollutvalet 08.02.16:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Ragni Fett og Ståle Tungesvik refererte frå NKRF-konferansen. Det hadde vore ein lærerik og interessant konferanse, og ikkje minst imponerende gjennomføring med meir enn 800 deltakarar.

Leiar ønskte at det blei laga ein plan på korleis utvalet sitt arbeid skulle bli betre kjent blant andre politikarar og innbyggjarane.

Medlemmene og ordførar drøfta fylkesmannen sin tilsynsrapport av Etne omsorgssenter, og meinte avvika kunne skyldast mellom anna systemfeil.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.02.16:

Referatsakene 1 - 15 vert tatt til orientering.

SAK 03/16 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2015

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2015.

og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2015 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.02.16:

Sekretær gjekk gjennom årsmeldinga. Utvalet meinte den gav ein god oversikt over aktiviteten, og utvalet slutta seg til innhaldet, slik det var lagd fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.02.16:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2015.

og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2015 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 04/16 NY OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT - «SJØLVKOST»

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om ny oppfølging av rapporten «Sjølvkost» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.02.16:

Rådmann Pål Nygård og leiar økonomi Vegard Bang tok sete. Den nytilsette rådmannen presenterte seg sjølv.

Leiar innleia om sak. Han refererte mellom anna til rapporten sine tilrådingar og utvalet si oppfølging på møtet i mai 2015.

Rådmannen orienterte om oppfølginga som var gjort sidan møtet i mai. Administrasjonen held på med å utarbeide ny gebyrforskrift. Dei vona at framlegget til forskrift kunne sendast på høyring i april/mai og få verknad frå 2017. Plan for vassforsyning blei prioritert framfor avlaup inntil vidare, jamfør tilråding 4. Tilrådingane som gjekk på bruk av rekneark for overslag over kostnader var teken i bruk og gav god effekt. Avgiftene på vatn, avlaup og feiing var blitt justert noko, slik at fondsreservane blir redusert i tråd med plan for bruk av fondsmidlane, jamfør tilråding 5.

Leiar gjorde framlegg om at utvalet fekk ei ny oppfølging av rapporten når den nye forskrifta var klar, og seinast i novembermøtet. Medlemmene slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.02.16:

Etne kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om ny oppfølging av rapporten «Sjølvkost» til orientering.

Kontrollutvalet ønskjer ei ny oppfølging av rapporten om «Sjølvkost» når ny gebyrforskrift ligg føre, og seinast innan november 2016.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: måndag 09.05.16, kl. 13.00

Medlemmene bør setje av noko ekstra tid, då utvalet skal handsame årsrekneskapen og delta i risikospill knytt til overordna analyse.

Etne/Aksdal, 8. februar 2016

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	09.05.16	06/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.05.16**Saksvedlegg:**

- 16. Statusrapport pr. mai 2016
- 17. Kontrollrapport 2015 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten
- 18. Representantskapsmøte 01.04.16 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland (utan vedlegg)
- 19. Representantskapsmøte 27.04.16 - Interkommunalt arkiv Hordaland (utan vedlegg)
- 20. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
- 21. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
- 22. Representantskapsmøte 25.05.16 – HIM IKS
- 23. Protokoll frå representantskapsmøte - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
- 24. Kommunelovutvalget har overlevert forslag til ny kommunelov – NKRF nytt 10.03.16
- 25. Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov
- 26. Inhabil som styremedlem? - Kommunal Rapport 04.04.16

Saksorientering:

Sakene blir lagd fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 16 - 26 vert tatt til orientering.

Aksdal, 02.05.15

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt mai 2016 – Kontrollutvalet i Etne

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Overordna analyse	23.11.15		Under utarbeiding	Hausten 2016	Deloitte AS
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	23.11.15		Under utarbeiding	Hausten 2016	Deloitte AS
Selskapskontroller					
Plan for selskapskontroll 2016-2020	23.11.15		Under utarbeiding	Hausten 2016	Deloitte AS
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i k-styret	Planlagt oppfølging	Merknader
Styring av investeringar	09.02.15/ 11.03.15	21.09.15	28.10.15	November 2016	200 timar
VA-området – Sjølvkost	22.01.14	22.09.14	28.10.14	11.05.15/ 08.02.16/ 21.11.16	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i k-styret	Følgd opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon	26.06.12	26.11.12	26.02.13		
Øyane Asvo AS	26.11.12	13.05.13	18.06.13	KU/ KST 10.02.14/ 25.02.14	Avslutta
Målstyring	13.05.13	18.11.13	25.02.14	10.11.14	Avslutta
Selskapskontroller					
HIM IKS- oppfølging av kontroll i 2011		15.09.11		26.11.12	Avslutta
Plan for selskapskontroll 2012-2016		01.10.12	30.10.12		



Skatteetaten

Saksbehandlar
Liv Farestveit

Dykkar dato

Vår dato
15.02.2016

Telefon
55578425

Dykkar referanse

Vår referanse
2015/86435

VEDLEGG SAK 6/6-17

Kommunestyret i Etne kommune
Etne Tinghus
5590 ETNE

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 17.02.16
Journalført: 16/84/096
Arkivkode: 232

Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Etne kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Njøsavegen 2

6863 Leikanger
skatteetaten.no/sendepost

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr.: 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2015	Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013
0,6	0,7	1,0

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Etne kommune viser per 31. desember 2015 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 389 681 298 og uteståande restansar² på kr 9 096 883, av dette krav stilla på vent kr 68 304. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 22. januar 2016.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2015 for Etne kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2013	9,3	96,3	96,5	97,3	95,8
Arbeidsgjevaravgift 2014	65,6	100,0	99,9	100,0	99,9
Forskotsskatt personlege skattytarar 2014	33,1	99,8	99,0	98,9	99,4
Forskotstrekk 2014	141,0	100,0	99,9	100,0	100,0
Forskotsskatt upersonlege skattytarar 2014	16,6	100,0	99,8	100,0	100,0
Restskatt upersonlege skattytarar 2013	3,9	95,9	99,0	100,0	99,2

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Etne kommune kjøper arbeidsgjevarkontrollar av Hordaland kommunale regnskapskontroll.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

Resultat for kommunen per 31. desember 2015 viser i følge skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2015	Utførte kontrollar 2015 (i %)	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2015 region (i %)
193	10	5	2,6	3,3	2,8	4,0

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2015 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 21. oktober 2015.

Skattekontoret har i 2015 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

5. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjing**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, men at arbeidsgjevarkontrollen ikkje vert utført i tilstrekkeleg omfang då det er utført 2,6% kontrollar mot eit krav på 5%.


6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2015 gjeve pålegg som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 16. november 2015.

Skatteoppkrevjarkontoret har ikkje gjeve tilbakemelding på pålegg som er gjevne.

Skatterekneskapen/årsrapport er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 22. januar og 25. januar 2016, og motteke hos skattekontoret 26. januar 2016. Skatteoppkrevjarinstruksen sin frist for avlegging og sending var 20. januar 2016.

Venleg helsing



Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest



Jan Kåre Strøm
fagansvarleg

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Etne kommune
- Skatteoppkrevjaren for Etne kommune
- Riksrevisjonen



Innkalling til møte i representantskapet for Haugaland Vekst IKS

DATO/TID: Torsdag 29.04.16

STED: Hemmingstad Kultursenter

Sakliste:

Sak 1/16: Valg av møteleder.

Sak 2/16: Godkjennelse av innkalling og dagsorden

Sak 3/16: Valg av 2 nye repr. fra Rogaland fylkeskommune

**Sak 4/16: Behandling av årsregnskap og styrets beretning 2015.
Saksdokumenter ettersendes.**

Ole Bernt Thorbjørnsen
styreleder

K. Tormod Karlsen
Adm.dir.



KRISESENTER VEST IKS

VEDLEGG SAK 6/16-21

INNKALLING TIL REPRESENTANTSKAPSMØTE, MANDAG 23. MAI KL 12.

FORMANNSKAPSSALEN I HAUGESUND RÅDHUS

SAKSLISTE:

- Sak 1 Godkjenning av innkalling og saksliste
 Valg av referent og 2 til å underskrive protokoll
- Sak 2 Årsmelding 2015 med revidert regnskap
 (Dokument ettersendes)
- Sak 3 Budsjett og økonomi 2017
 (Dokument ettersendes)
- Sak 4 Valg av medlemmer til representantskap
- Sak 5 Valg av medlemmer til styret
- Sak 6 Tilbudet til voldsutsatte kvinner i aktiv rus

Haugesund 21.04.2016

Britt Helen Aasbø

Liv Kari Eskeland

Daglig leder

Representantskapets leder

Krisesenter vest IKS

Tlf.: 52 72 98 84

Org.nr: 9963 61802



HIM
Telefon 52 76 50 50
Telefax 52 76 50 51
e-post: him@him.as

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 26.04.16
Journalført: 16/1651034/44a
Arkivkode: 217

Representantskapet

Skjold 26.04.16

**INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET
HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK
ONSDAG 25. MAI 2016 KL 15.00-17.00**

Det innkalles til møte i representantskapet for Haugaland Interkommunale Miljøverk, jf. §8 i loven og §10 i vedtekten. **Møtet holdes onsdag 25.05.16 kl 15.00-17.00 på Toraneset Miljøpark. Etter møtet vil det bli en befaring på anlegget for de som har tid og anledning.**

Saksdokumentene blir sendt ut i uke 19. Det bes om tilbakemelding innen uke 19 dersom det er saker til eventuelt.

Dersom noen ikke kan møte, ber vi om å bli varslet snarest over tlf 52 76 50 50 eller e-post: gro.staveland@him.as

Følgende representanter innkalles:

Bokn	Kari Christensen, Krovågen 19, 5561 Bokn
Bokn	Kjetil Vatnaland, 5561 Bokn
Etne	Ordfører Siri Klokkestuen, Postboks 54, 5591 Etne
Etne	Varaordfører Ingemund Berge, Silde, 5590 Etne
Haugesund	Gudrun Caspersen, Haugaleite 22 b, 5515 Haugesund
Haugesund	Nini Hæggernes, Fredrik Kolstøs gate 10, 5532 Haugesund
Haugesund	Harald Helland, Viljarshaugen 9D, 5538 Haugesund
Haugesund	Arne Trygve Løvvik, Rindå 3, 5533 Haugesund
Tysvær	Ordfører Sigmund Lier, Postboks 94, 5575 Aksdal
Tysvær	Varaordfører Ola S. Apeland, Tysværvegen 608, 5570 Aksdal
Vindafjord	Ordfører Ole Johan Vierdal, Rådhuset, 5580 Ølen
Vindafjord	Varaordfører Steinar Skartland, Vikevegen 1641, 5568 Vikebygd

Innkallingen sendes også til:

Haugaland kontrollutvalgssekretariat (kun pr. e-post)

Styreleder i HIM, Geir Worum, Stjørdølvn. 20, 5515 Haugesund

Varamedlemmer som varsles og kan bli innkalt ved forfall:

Bokn	Jørgen Thuestad, 5561 Bokn
Etne	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Ekrheim, 5590 Etne
Haugesund	Synnøve Lunde, Fridtjof Øvrebøs gate 21, 5532 Haugesund
Tysvær	Anita Halsnes, Førresdalen 20, 5563 Førresfjorden
Vindafjord	Wenche Sandbekken Lilleland, Fjellgardsvegen 884, 5583 Vikedal

Tysvær kommune, ordføreren, Postboks 94, 5575 Aksdal
Vindafjord kommune, ordføreren, 5580 Ølen

Innkalling

Evt. merknader til innkallingen

Valg av protokollfører

Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen

Godkjenning av saksliste

Referat- og orienteringssaker

16.01 Protokoll fra møte i representantskapet 02.12.15

16.02 Informasjon om HIM og avfallsbransjen v/adm.dir. Gro Staveland og økonomileder
Knut Arvid Hagenberg

Vedtakssaker:

16.03 Årsmelding og regnskap 2015

16.04 Valg av styre i HIM

16.05 Retningslinjer for godtgjørelse til styret i HIM

Eventuelt:



Sigmund Lier

Leder i representantskapet



Gro Staveland

Adm direktør

PROTOKOLL

(kortversjon)

Måndag 25. april 2016 blei det halde møte i representantskapet for **Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS**. Møtet blei leia av representantskapsleiar Olav Haugen f.o.m. sak 3/16. Dagleg leiar ønskte velkommen og leia møtet t.o.m. sak 2/16.

MØTESTART / MØTESLUTT	kl. 18.00 – kl. 19.10
MØTESTAD:	Tysvær rådhus, møterom Cleng Peerson
REPRESENTANTAR SOM MØTTE:	Svein Inge Huseby , Haugesund kommune Vanja Ignjatic , Suldal kommune Katrine Skorpe , Sauda kommune Øyvind Haraldseid , Vindafjord kommune Ståle Tungesvik , Etne kommune Olav Haugen , Sveio kommune
MØTANDE VARA-REPRESENTANTAR:	Yngve Folven Bergesen , Karmøy kommune
FORFALL:	Marte Eide Klovning , Utsira kommune og vararepresentant Tor Erling Skare Gunn Marit Lygre , Tysvær kommune og vararepresentant Andres Hettervik Nordgård Daghild G. Alvestad , Bokn kommune og vararepresentant Lillian Grønnestad Alf Aronsen , Karmøy kommune
ANDRE SOM MØTTE:	Styreleiar Arne Gjerde , Tysvær kommune dagleg leiar Toril Hallsjø

FØLGENDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste til representantskapsmøtet 25.04.16 blir godkjent.

SAK 2/16 KONSTITUERING AV REPRESENTANTSKAP 2015-2019 – VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR

Samrøystes vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel for perioden 2015- 2019:

*som leiar av representantskapet: **Olav Haugen**, Sveio kommune*
*og som nestleiar: **Daghild G. Alvestad**, Bokn kommune*

Olav Haugen takka for vervet og overtok møteleiinga.

SAK 3/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTET 27.04.15

Samrøystes vedtak:

Protokoll frå representantskapsmøtet 27.04.15 blir godkjent.

SAK 4/16 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP FOR 2015

Samrøystes vedtak:

Årsrekneskapen for 2015 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 37 225. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

SAK 5/16 GODKJENNING AV STYRET SI MELDING OG ÅRS-MELDING 2015

Samrøystes vedtak:

Styret si melding og årsmelding 2015 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

SAK 6/16 BUDSJETT 2017

Samrøystes vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2016 slik det er lagt fram av styret:

Inntekter 2017		Utgifter 2017	
Tilskudd	1.957.000	Lønn- og sosiale utgifter	1.700.000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	257.000
Inntekter totalt	1.957.000	Utgifter totalt	1 957.000
Resultat	0		0

Eigartilskot frå eigarkommunane vert med dette følgjande:

Deltakarkommune kontingent 2017

<i>Karmøy kommune</i>	<i>354.000</i>
<i>Haugesund kommune</i>	<i>354.000</i>
<i>Tysvær kommune</i>	<i>186.000</i>
<i>Vindafjord kommune</i>	<i>186.000</i>
<i>Sveio kommune</i>	<i>167.000</i>
<i>Sauda kommune</i>	<i>167.000</i>
<i>Etna kommune</i>	<i>167.000</i>
<i>Suldal kommune</i>	<i>167.000</i>
<i>Bokn kommune</i>	<i>109.000</i>
<i>Utsira kommune</i>	<i>100.000</i>

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, her under å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka utover representantskapet sitt vedtak.

SAK 7 /16 ØKONOMIPLAN 2017-2020

Samrøystes vedtak:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2017-2020:

	2017	2018	2019	2020
<i>Inntekter:</i>				
Tilskudd	1.957.000	2.016.000	2.076.000	2.138.000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	1.957.000	2.016.000	2.076.000	2.138.000
<i>Utgifter:</i>				
Lønn og sos. utg.	1.674.000	1.725.000	1.776.000	1.829.000
Driftsutgifter	283.000	291.000	300.000	309.000
Totalt	1.957.000	2.016.000	2.076.000	2.138.000
Resultat	0	0	0	0

SAK 8/16 MØTEGODTGJERSLE I HKS IKS

Samrøystes vedtak:

- 1. Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godtgjort med kr 1000,- pr. møte. Styreleiar vert godtgjort med dobbel sats.*
- 2. Styret får dekka reiseutgifter etter statens reiseregulativ.*
- 3. Styret får dekka tapt arbeidsforteneste/utlegg etter skriftleg krav når arbeidsgjevar har gjort trekk i lønn. Trekket skal dokumenterast av arbeidsgjevar. Personleg næringsdrivande dokumenterer gjennom likningsattest. Øvre grense pr. møte vert sett til kr 2200.*
- 4. Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vil be eigarkommunane følgje opp departementet sin konklusjon om at medlemskap i eit representantskap er eit kommunalt tillitsverv og at det er kommunestyret som fastset og eigarkommunen som utbetaler slik godtgjersle.*

Med verknad frå 01.01.17 går representantskapet ut frå at eigarkommunen betaler slik godtgjersle, men i 2016 vert godtgjersla til representantskapet utbetalt av selskapet, lik satsen som for styret.

- 5. Ny sats gjeld frå 2. halvår 2016.*

SAK 9/16 VAL AV STYRE MED STYRELEIAR OG NESTLEIAR OG VARAMEDLEMMER

Samrøystes vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel for perioden 2016-2020 som styremedlem og personleg varamedlem følgjande:

Styre	Personleg varamedlem
<i>Astri Furumo (Haugesund)</i>	<i>Marit Bjørnstad (Haugesund)</i>
<i>Simon Næsse (Karmøy)</i>	<i>Randi Rettedal (Tysvær)</i>
<i>Siv Bente Stople Østbø (Vindafjord)</i>	<i>Osmund Våga (Bokn)</i>

Styreleiar: *Astri Furumo, Haugesund*

Nestleiar: *Simon Næsse, Karmøy*

SAK 10/16 VAL AV REVISOR FOR 2016

Samrøystes vedtak:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel KPMG AS som revisor frå 2016.

SAK 11/16 HKS REPRESENTANT TIL IKA ROGALAND IKS

Samrøystes vedtak:

Dagleg leiar er Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS sin representant til representantskapet til Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS.
Som vararepresentant stiller rådgjevar.

SAK 12/16 OVERORDNA STRATEGIPLAN 2016-2020 FOR HKS IKS

Samrøystes vedtak:

Overordna strategiplan 2016-2020 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

SAK 13/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

Samrøystes vedtak:

Referatsakene 1-5 blir tatt til orientering


EVENTUELT

Ingen saker var meldt.

Møtedato neste år vil bli måndag 24.04.17.

Aksdal, 25. april 2016

Olav Haugen (sign.)
representantskapsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar

Forslag til ny kommunelov

10.03.2016

Kommunelovutvalget leverte i dag sin utredning til statsråden.



Utvalgsleder Oddvar
Flæte
(Bildet er tatt på NKRFs
Kontrollutvalgskonferanse
2014)

Kommunelovutvalget har lagt fram en omfattende utredning om endringer i kommuneloven.

Forslaget til ny kommunelov (NOU 2016: 4 Ny kommunelov) har en noe annen struktur enn dagens kommunelov. NOU'en inneholder en rekke forslag til endringer av dagens lov. Nedenfor følger en kort gjennomgang av noen av forslagene som har betydning for revisjon og tilsyn. Fylkeskommune og fylkesting er nedenfor omfattet av begrepene kommune og kommunestyre.

Økonomibestemmelsene

På økonomiombudet, lovforslagets femte del, foreslår utvalget at kommunene skal utarbeide et samlet regnskap for den juridiske enheten. Det er altså ikke snakk om et konsernregnskap, men avgrenset til å gjelde regnskap for kommunekassen, foretakene og ev. andre regnskapsenheter, som f.eks. lånefond og interkommunalt samarbeid som ikke er eget rettssubjekt (kommunale oppgavefelleskap).

Det innføres et nytt begrep «kommunalt oppgavefelleskap» som antas å være interkommunalt samarbeid som er organisert etter dagens kommunelov § 27.

Intern kontroll

Utvalget foreslår en mer omfattende formulering om internkontroll. Formuleringen er ment å erstatte interkontrollreguleringer i særlovgivningen. Det foreslås også å lovfeste at internkontrollen skal dokumenteres, og at det skal avgis en årlig rapport til kommunestyret.

Foreslåtte endringer om kontrollutvalg

Kontrollutvalg og revisjon omtales i lovforslagets sjuende del. Blant de foreslåtte endringene inngår at kontrollutvalget skal ha minst fem medlemmer. Lovutvalget har ikke villet foreslå en lovfesting av hvem/hvilken gruppering som bør ha ledervervet i kontrollutvalget.

Det foreslås endrede valgbarhetsbestemmelse til kontrollutvalget. Personer som sitter i ledende stillinger, eller er medlem/varamedlem til styret eller bedriftsforsamling i selskap som kommunen har eierinteresser i, vil etter forslaget ikke bli valgbar. Personer med tilsvarende posisjon i regionråd eller et kommunalt oppgavefelleskap, vil etter forslaget heller ikke bli valgbar til kontrollutvalget.

Det foreslås også at kontrollutvalget skal gis rett til å bestille undersøkelser i selskap/andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommune. Undersøkelsesretten er begrenset til opplysninger som er nødvendig for å kunne kontrollere at virksomheten oppfyller kontraktsforpliktelsene.

Når det gjelder administrasjonssjefens (foreslått benevnt kommunedirektørens) uttalerett i kontrollutvalgets saker til kommunestyret er det presisert at dette gjelder kontrollsaker.

Kontrollutvalgssekretariatet

Deler av bestemmelser rettet mot kontrollutvalgets sekretariat, og som i dag ligger i forskrift om kontrollutvalg, foreslås tatt inn i lovteksten.

Under henvisning til evalueringsrapporten om effekter av lovendringen om revisjon og kontrollutvalg (desember 2014) foreslår utvalget å klargjøre grensegangen mellom hva som *kan* utføres av kontrollutvalgssekretariat og hva som *må* betraktes som revisjon. Som et ledd i dette foreslås at eierskapskontroll blir definert som revisjon. Dette medfører at oppgaven ikke lenger skal kunne utføres av kontrollutvalgssekretariatet.

Utvalget foreslår ikke å stille kompetansekrav til kontrollutvalgets sekretariat. Imidlertid understrekes betydningen av at kontrollutvalgene har et kompetent sekretariat. Sekretariatet skal påse at sakene som legges fram for utvalget er forsvarlig

utredet. Det pekes i den forbindelse på at kontrollutvalget er, og skal være, et lekmannsorgan, og at utvalget skal føre tilsyn med profesjonelle aktører, og derfor trenger et kompetent sekretariat. I forslaget gis det imidlertid uttrykk for at å gi en lovbestemmelse om kompetansekrav vil være «en for sterk inngripen i det kommunale selvstyret».

Revisjon

Det foreslås også en rekke endringer knyttet til revisjon. En del av det som i dag er regulert i forskrift om revisjon foreslås tatt inn i lovteksten. I merknadene til forslaget om forvaltningsrevisjon er formuleringen om årlig forvaltningsrevisjon tatt ut, uten at det dermed er et ønske om mindre forvaltningsrevisjon.

Begrepet god kommunal revisjonsskikk videreføres. Denne skikken skal bygge på utviklingen i revisjon av offentlig sektor både nasjonalt og internasjonalt. Det pekes også på at vesentlighetsvurderinger i stat og privat næringsliv er ulik den vurderingen som må foretas for kommunal sektor.

I utredningen legges det grunn at «kontrollen med økonomiforvaltningen i kommunesektoren har blitt redusert etter 2004. Etter utvalgets vurdering er dette en svekkelse av en sentral side ved egenkontrollen som ikke er ønskelig.» Innholdet i lovbestemt regnskapsrevisjon er derfor foreslått utvidet ved at «forenklet etterlevelsesrevisjon med økonomiforvaltningen» innføres som en obligatorisk del, og at revisor skal avgi en egen uttalelse til kontrollutvalget om resultatet av kontrollen. Rapporten skal iht. forarbeidene avgis med moderat sikkerhet.

I revisjonsberetningen skal revisor uttale seg om vesentlige budsjettavvik. Det foreslås at denne uttalelsen ikke bare skal omhandle vesentlige avvik fra budsjettets talldel, men at den i tillegg skal omfatte vesentlige forhold som ikke har budsjettgjennomføring og om vesentlige mangler i gjennomføringen av vedtak.

Uttalelsen om vesentlige mangler ved gjennomføringen forutsettes gitt med moderat sikkerhet (negativ bekreftelse).

Det foreslås ikke å innføre en sertifiserings- og tilsynsordning for revisorer. Derimot foreslås det å opprette et nasjonalt organ for kvalitetskontroll. Forslaget er ikke tatt inn i lovteksten, men departementet bes om å administrere ordningen. Det antydes en ordning der departementet nedsetter en nemnd som skal forestå kontrollen.

Det er ikke foreslått noen endringer i kompetansekrav verken for oppdragsansvarlig regnskapsrevisor eller forvaltningsrevisor.

Avslutning

Kommunalminister Jan Tore Sanner opplyste under framleggelsen at det blir seks måneders høringsfrist, og at han tar sikte på at ny lov skal være på plass før neste kommune- og fylkestingsvalg.

► Her kan du lese hele NOU 2016: 4 Ny kommunelov »

► Her kan du lese KMDs pressemelding "En ny kommunelov for et sterkere lokaldemokrati" samt se videoopptak fra framleggelsen »

0 kommentarer

Sorter etter Eldste

 Legg til en kommentar ...



Regjeringen.no

Høring - NOU 2016:4 Ny kommunelov

Høring | Dato: 04.04.2016 | Kommunal- og moderniseringsdepartementet
(<http://www.regjeringen.no/no/dep/kmd/id504/>)

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sender med dette på høring NOU 2016: 4 Ny kommunelov.

Status: På høring

Høringsfrist: 06.10.2016

Høringsbrev

Vår ref.: 16/1559

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sender med dette på høring NOU 2016: 4 Ny kommunelov.

Kommunelovutvalget har foretatt en helhetlig gjennomgang av gjeldende kommunelov. Utvalget foreslår blant annet å lovfeste det kommunale og fylkeskommunale selvstyret og enkelte prinsipper for nasjonale myndigheters forhold til dette selvstyret. Utvalget foreslår også flere tiltak for å styrke egenkontrollen i kommunene og fylkeskommunene. Utvalget har lagt vekt på å gjøre loven enkel og tilgjengelig. Vi viser ellers til utredningens side 23–33 for et sammendrag av utvalgets vurderinger.

Utvalgets utredning ligger under "høringsnotat" lenger ned på denne siden. Offentlige høringsinstanser som ønsker det, kan henvende seg til Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon pr. e-post til publikasjonsbestilling@dss.dep.no (mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no) for å få oversendt et fysisk eksemplar av utredningen.

Departementet ber om at høringsinstansene vurderer om saken bør sendes til underliggende etater eller virksomheter, tilknyttede virksomheter, medlemsorganisasjoner eller lignende.

Høringsuttalelser skal avgis i den digitale høringsløsningen lenger ned på denne siden. Alle kan avgi høringsuttalelse. Høringsuttalelsene blir publisert på departementets nettsider.

Vi ber om at høringsinstansene tydelig tilkjennegir hvilke kapitler i utredningen man uttaler seg om.

Høringsfristen er 6. oktober 2016.

Med hilsen
Solve Monica Steffensen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Siri Halvorsen
avdelingsdirektør

Høringsnotat

Høringsinstanser


Departementene

Statsministerens kontor

Arbeids- og velferdsdirektoratet

Inhabil som styremedlem?

BERNT SVARER. En kommune har hatt bygging av nytt omsorgssenter ute på anbud. Er lederen av plan- og byggenemnda inhabil når han er styremedlem hos en av de aktuelle underleverandørene?



Jussprofessor Jan Fridthjof Bernt. Foto: Magnus Knutsen Bjørke

Kommunal Rapport - 04.04.16
Publisert i dag, kl. 8.24

En ekstern konsulent har fått i oppdrag å sette opp forslag til rangering, som plan- og byggekomiteen skal fremme for administrasjonen, som så klargjør sak for endelig politisk

Bernt svarer

Jan Fridthjof Bernt, professor emeritus ved Universitetet i Bergen. Bernt har utgitt en rekke bøker innen blant annet forvaltningsrett og kommunalrett.

Han ledet det offentlige utvalget som ledet fram til en kraftig fornying av kommuneloven i 1992. Bernt har også stor kunnskap om blant annet offentlighetsloven og forvaltningsloven.

Spalten **Bernt svarer** publiseres hver mandag på Kommunal-Rapport.no. Spørsmål kan sendes til redaksjon@kommunal-rapport.no.

behandling.

Saken er aktuell i Etne kommune, der journalist Torstein Nymoen i avisa Grannar tar opp spørsmål om habilitet og om hemmelighold av tilbydere og priser fram til leverandør er valgt.

Problemstilling 1

Lederen av plan- og byggenemnda er styremedlem i et betongfirma som er oppført som underleverandør til en

hovedentreprenør i ett av tilbudene.

Spørsmål

Er lederen av plan- og byggenemnda inhabil, og når burde/bør han etter ditt skjønn i så fall fratre plan- og byggenemnda?

Bernt svarer

I forvaltningsloven § 6, første avsnitt, bokstav e, nr. 2 har vi en bestemmelse om inhabilitet for den som er styremedlem i et selskap som er part i saken. «Part» er den som «en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder».

Betongfirmaet er ikke den som har inngitt anbud, men hvis firmaet er oppført som underleverandør i anbudet, og det er inngått en avtale med anbyder om dette, er det mye som taler for at vi må bygge på at saken «direkte gjelder» selskapet.

Hvis dette ikke er riktig, blir spørsmålet om utvalgslederen blir inhabil etter bestemmelsen i § 6, andre avsnitt, fordi tilknytningen til anbudet anses som «særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet».

Hvis det er tale om en leveranse av betydelig økonomisk verdi, og det må vi vel anta her, vil vervet som styremedlem etter min oppfatning i alle fall måtte anses som et slikt «særegent forhold» at det skaper inhabilitet i denne saken.

Når noen er inhabil, skal han eller hun fullstendig avstå fra å ha noen befatning med å «tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse» i saken, altså både med tilrettelegging av saksbehandlingen, forberedelse av saken, berammelse av møte for behandling av den, og deltakelse i møtet der saken behandles, heller ikke uten stemmerett.

Hvis utvalgslederen visste om at betongfirmaet var med i anbudet, skulle han ikke vært med på å åpne anbudene eller diskutere den videre saksgang, og når dette blir kjent, må han tre helt ut av saken.

Problemstilling 2

Etne kommune har valgt å holde hemmelig både pris og navn på tilbydere fram til valg av leverandør. «Fordi vi vil ha arbeidsro», sier lederen av plan- og byggenemnda.

Kommunen har ellers opplyst at seks vil bygge omsorgssenteret. Hemmeligholdet er juridisk helt greit, forstår jeg, så lenge de åpner for innsyn når de har valgt, og klagefristen begynner å løpe.

Spørsmål

- Hvilke fordeler/ulempes gir det for kommunen/innbyggerne at kommunen holder dette hemmelig fram til de har valgt leverandør?
- Er det vanlig praksis at offentlige organer holder navn/pris hemmelig fram til man har valgt leverandør, eller hører det sjeldenhetene til?

Bernt svarer

Juridisk er dette helt greit. I offentlighetsloven § 23, tredje avsnitt, har vi en bestemmelse om at det kan gjøres unntak fra innsyn for tilbud og protokoller i saker om offentlige innkjøp, «til valet av leverandør er gjort».

Bestemmelse om unntak fra innsyn i anbudene er helt nødvendig fram til anbudsfristen er utløpt. Anbudsreglene er basert på en forutsetning om anbyderne ikke skal vite om hverandres anbud. Det er adgang til å praktisere «merinnsyn» etter offentlighetsloven § 11 fra utløpet av anbudsfristen, men jeg har ikke sett eksempler på slikt framskutt innsyn i noen kommuner.

Begrunnelsen for å forlenge denne unntaksretten etter at anbudsfristen er utløpt og fram til vedtak er truffet, er mer problematisk. Det har som konsekvens at det ikke er mulighet til kritisk innsyn i enkeltanbudene eller debatt om eventuelle valgmuligheter før vedtak er truffet. Det er etter min mening både unødvendig og uheldig.

Utvalgsleders henvisning til ønske om «arbeidsro» inntil vedtak er truffet, er det samme som brukes i andre sammenhenger der man ønsker å hindre innsyn, men dette er klart nok ikke relevant i en slik sammenheng.

Offentlighetslovens hovedprinsipp er tvert imot at man velger å prioritere muligheten for kritisk innsyn og demokratisk kontroll også når saken er under vurdering, framfor beslutningstakernes ønske om å «unngå støy i beslutningsprosessen».

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	09.05.16	07/16
Formannskapet	07.06.16	
Kommunestyret	21.06.16	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

ETNE KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2015

Vedlegg:

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskapen 2015
2. Revisjonsmelding for 2015 frå KPMG AS v/Willy Hauge, datert 28.04.16
3. Hovudoversyn – rekneskapen 2015
4. Årsmelding 2015 (eige hefte)

Innleiing

Vedlagt følgjer hovudoversyn over årsrekneskap til Etne kommune for 2015, signert revisjonsmelding frå KPMG dagsett 28.04.16 (vedlegg 2) og framlegg til uttale frå kontrollutvalet (vedlegg 1). Forutan revisor vil rådmann og/eller økonomisjef delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Det går fram av føreskrift om kontrollutval § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen:

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet / kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet handsamer årsmeldinga, men denne skal følgje med som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Kommunestyret skal vedta både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Årsrekneskapen skal vedtakast etter innstilling frå formannskapet. Om årsrekneskap og årsmelding (for kommuner og fylkeskommuner) står det følgjande i Forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskrifta § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i årsoppgjersbrev/notat) blir følgt opp.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Etne kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2015 og notar, revisjonsmeldinga og rådmannen si årsrapport.

Årsrekneskapen

Rekneskapen syner eit **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på pluss 6,7 mill. kr.

Netto driftsresultat er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat blei på pluss 5,0 mill. kr mot revidert budsjett på pluss 1,2 mill. kr. Det utgjør 1,5 %, som er litt under anbefalt nivå på 1,75 %. I fjor var resultatet på minus 2,8 %.

Resultatet er noko lågare enn anbefalt nivå for resultatmargin som Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) meiner kommunane bør liggje på. Landssnittet enda i år på 3 %. Førebels rekneskapstall for kommunane viser ein betring av driftsresultat frå året før.

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2015 er på 19,6 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter er finansieringsbehovet på 17,5 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (driftsoverskot) på 4,7mill. kr.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6

lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen. Notane som er utarbeidde til rekneskapen i år er dei same som tidligare år.

Årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Årsmeldinga skal i følge årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan 31. mars.

Det er krav om at rådmannen skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etikken** i kommunen. Det skal også skrivast noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen.

Årsrapporten gir utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har rådmannen kome med mellom anna følgjande kommentar om økonomien:

Årsmeldinga for 2015 viser høgt aktivitetsnivå med stort fokus på den økonomiske situasjonen. Driftsutgiftene i 2014 var for høge til at kommunen hadde ein bærekraftig økonomi. I 2015 gjennomførte kommunen difor omfattande og krevjande spareprosessar for å redusere driftsutgiftene med nedlegging av Rygg skule som den største endringa i tenestetilbodet i 2015. Fleire omfattande kutt er vedtatt innan administrasjon, kultur, helse og pleie- og omsorg som vil få effekt frå 2016.

Netto driftsresultat er den primære indikatoren for økonomisk balanse og bør utgjøre minst 1,75 pst. av totale driftsinntekter. For 2015 blei netto driftsresultat for Etne kommune 1,53 pst og ligg dermed litt under anbefalt nivå. Dette gir likevel kommunen eit økonomisk pusterom etter det dårlege resultatet i 2014.

Viktige forklaringsfaktorar for den positive utviklinga er dei strategiske grepa som blei gjennomført i 2015, som har gitt auka inntekter gjennom utvidinga av eigedomsskatten. Samstundes har kommunen klart å redusere utgiftene noko med dei krevjande spareprosessane som blei gjennomført våren 2015.

Den økonomiske situasjonen er framleis krevjande, og det gode resultatet skuldast også lågare pensjonsutgifter, lågare renteutgifter og høgare inntektsutjamning enn det som låg til grunn i regulert budsjett. Rekneskapen viser fortsatt eit stort meirforbruk i drifta, viss ein korrigerer for lågare pensjonsutgifter og at Pleie- og omsorg blei tilført midlar i løpet av året.

Dette betyr at det framleis vil være store utfordringar framover med å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene. Arbeidet med å betre økonomien vil helde fram i 2016 med omfattande prosessar med omlegging og nedbemanning innan Helse og Pleie og omsorg.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de. Rådmannen skal då ha hatt høve til å gi sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har lagt fram si revisjonsmelding. Revisor har avlagt såkalla rein melding, dvs. utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkludera med at:

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Etne kommune per 31. desember 2015 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.*
- at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.*
- leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.*

Eit eventuelt årsoppgjersbrev frå revisor vil bli delt ut i møtet eller bli lagt fram på eit seinare tidspunkt.

Meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknaden i meldinga eller noko av det revisjonen tar opp i møtet

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Etne har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2015 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Aksdal, 02.05.16



Odd Gunnar Høie

Rådgeber/utvalssekretær

Til kommunestyret i Etne

Kontrollutvalet sin uttale om Etne kommune sin årsrekneskap for 2015

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte den 09.05.16, sak 7/16 handsama Etne kommune sin årsrekneskap for 2015.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjersbrev og rådmannen sin årsrapport. I tillegg har revisor, rådmann og rekneskapsansvarleg supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Etne kommune sin årsrekneskap for 2015 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 4,7 mill. kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit netto driftsresultat på 5,0 mill. kroner. Det utgjør 1,5 % og er ei klår forbetring frå i fjor.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2015 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.15.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Etne kommune sin årsrekneskap for 2015.

Etne, 09.05.16

Ståle Tungesvik
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet



VEDLEGG SAK 7/16 - 2

KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 28. 04. 16
Journalført: 16/168/096
Arkivkode: 212

Til kommunestyret i Etne kommune

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Etne kommune som viser kr 243 457 584 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 4 718 014. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som rådmannen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Offices in:

Oslo	Grimstad	Molde	Trondheim
Alta	Hamar	Narvik	Tynset
Årendal	Haugesund	Sandnessjøen	Tønsberg
Bergen	Knaresvik	Stavanger	Ålesund
Bodo	Kristiansand	Stord	
Elverum	Larvik	Straume	
Finnnes	Mo i Rana	Tromsø	

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statse autoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Etne kommune per 31. desember 2015 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve*Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Haugesund, 28. april 2016

KPMG AS




Willy Hauge


Statsautorisert revisor

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Årsrekneskap 2015



Etne kommune



ETNE KOMMUNE

trygg • raus • engasjert

MOT

Innhald

INNLEIING	3
DEN KOMMUNALE REKNESKAPEN – REKNESKAPSPRINSIPP	4
HOVUDOVERSIKTER	5
REKNESKAPSSKJEMA	9
NOTAR	12
DRIFTSREKNESKAPEN	25
ANSVAR: 1000 RÅDMANN	25
ANSVAR: 1200 LØNN OG PERSONAL	34
ANSVAR: 1400 ETNE OG VINDAFJORD IKT	35
ANSVAR: 1500 ØKONOMI	36
ANSVAR: 1600 UTVIKLING	38
ANSVAR: 1700 TENESTETORG	42
ANSVAR: 2101 ENGE SKULE	45
ANSVAR: 2103 RYGG SKULE	48
ANSVAR: 2105 SKÅNEVIK SKULE	50
ANSVAR: 2201 ENGE BARNEHAGE	52
ANSVAR: 2203 RYGG BARNEHAGE	54
ANSVAR: 2205 SKÅNEVIK BARNEHAGE	56
ANSVAR: 2300 KULTUR	57
ANSVAR: 3000 HELSE OG SOSIAL	61
ANSVAR: 3001 HS AVD.1 BISTAND OMSORG	70
ANSVAR: 3002 HS AVD.2 BISTAND OMSORG	71
ANSVAR: 3500 PLEIE- OG OMS.TENESTER, FELLE	72
ANSVAR: 3501 PLO AVD. 1 ETNE	75
ANSVAR: 3502 PLO AVD. 2 ETNE	76
ANSVAR: 3504 PLO AVD. SKÅNEVIK	77
ANSVAR: 3600 NAV KOMMUNE	79
ANSVAR: 4200 DRIFT/VEDLIKEHALD	81
ANSVAR: 5000 RÅDMANN - FINANS	89
INVESTERINGSREKNESKAPEN	97
BALANSEREKNESKAPEN	113



Innleiing

Årsrekneskapen for 2015 for Etne kommune vert med dette lagt fram.

Driftsrekneskapen er avslutta med eit netto driftsresultat på kr 5 020 329 mot justert budsjett på kr 1 259 266. Det rekneskapsmessige resultatet som kjem fram etter avsetjingar og bruk av avsetjingar, samt ev. inndekning av fjorårets underskot, vert på kr 4 718 014,25. Opphavleg budsjett var på kr 4 449 567.

Sum bruk av midlar var på kr 349 099 959, medan tilgang på midlar var på kr 350 295 106.

Arbeidskapitalen er auka med 557 753.

Rekneskapen er revidert, jf. revisjonsmelding frå KPMG.

Etne, 05.04.2016

Pål Nygård
Rådmann



Den kommunale rekneskapen – rekneskapsprinsipp

Generelt

I samsvar med forskrifter for kommunale budsjett og rekneskap, fastsett av Kommunal- og regional departementet 15. desember 2000, fører Etne kommune sin rekneskap etter anordningsprinsippet. Det vil seie at alle kjente inntekter og utgifter vert tatt med i drift- og investeringsrekneskapen for vedkommande år, uavhengig om dei er betalt eller ikkje i rekneskapsåret.

Uteståande fordringar

Uteståande fordringar er bokført til kostpris. Etter dei kommunale rekneskapsforskriftene skal ein gå gjennom fordringane og skrive vekk krav som er uinndrivelege. Dette skal ein gjere for at balanserekneskapen skal vere mest mogleg reell.

Aksjar og partar

Aksjar og partar er oppført til opphavleg innkjøpspris.

Anleggsmidlar/driftsmidlar

Alle varige driftsmidlar med økonomisk levetid over 3 år, og med ein innkjøpspris over kr 100.000,- er ført i investeringsrekneskapen og aktivert i balansen. Avskrivningane er lineære over den økonomiske levetida.

Fond

Fonda i balanserekneskapen er delt i bunde/ubunde kapitalfond, bundne driftsfond og disposisjonsfond. Dei bundne fonda er fond der instansar utanom kommunen har øyremerka midlane til særskilte føremål som kommunestyret ikkje kan endra.

Kapitalkonto

Kapitalkonto syner forholdet mellom anleggsmidlane og den delen av langsiktig gjeld som er nytta til å finansiera anleggsmidla. I rekneskapen skal anleggsmidlane minus langsiktig gjeld (korrigert for ubrukte lånemidlar) tilsvara kapitalkonto.



Hovudoversikter

HOVUDOVERSIKT - DRIFTSREKNESKAPEN					
	Note	Rekneskap 2015	Budsjett (end) 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014
Driftsinntekter					
Brukerbetalinger	14	11 747 492,53	12 326 483,00	13 579 397,00	12 291 627,82
Andre salgs- og leieinntekter	14	18 260 079,88	18 085 447,00	18 370 447,00	16 994 910,55
Overføringer med krav til motytelse	15	34 571 622,99	23 440 908,48	24 820 021,00	35 615 433,61
Rammetilskudd		135 963 637,00	129 944 000,00	127 361 000,00	131 555 427,00
Andre statlige overføringer		14 296 000,50	13 430 915,00	8 566 675,00	8 713 220,30
Andre overføringer		3 744 446,64	3 755 076,00	1 607 766,00	2 266 725,55
Skatt på inntekt og formue		87 595 574,70	91 019 000,00	95 402 000,00	87 100 061,88
Eiendomsskatt		17 281 909,93	16 982 395,00	17 097 395,00	6 445 722,89
Andre direkte og indirekte skatter		3 951 683,00	3 826 000,00	3 826 000,00	4 001 702,00
Sum driftsinntekter (B)		327 412 447,17	312 810 224,48	310 630 701,00	304 984 831,60
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	12	173 545 146,78	167 557 920,52	163 352 156,00	164 453 913,78
Sosiale utgifter	2	44 022 429,08	50 043 288,00	51 157 972,00	43 634 740,69
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	13	44 509 159,01	32 529 786,22	30 956 775,00	41 121 288,83
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	13	31 248 531,25	26 474 939,30	26 370 266,00	29 908 343,36
Overføringer	13	18 425 930,83	23 257 087,48	25 275 897,00	23 798 190,05
Avskrivninger	9	9 035 032,00	6 476 763,00	6 476 763,00	8 311 047,00
Fordelte utgifter		-95 668,67	0,00	-856 488,00	-101 289,00
Sum driftsutgifter (C)		320 690 560,28	306 339 784,52	302 733 341,00	311 126 234,71
Brutto driftsresultat (D = B - C)		6 721 886,89	6 470 439,96	7 897 360,00	-6 141 403,11
Finansinntekter					
Renteinntekter, utbytte og eieruttak		2 418 601,31	2 593 123,00	3 093 123,00	3 208 298,90
Mottatte avdrag på utlån		194 302,49	185 000,00	100 000,00	88 371,26
Sum eksterne finansinntekter (E)		2 612 903,80	2 778 123,00	3 193 123,00	3 296 670,16
Finansutgifter					
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.		4 969 069,72	6 336 894,00	6 836 894,00	6 029 411,26
Avdragsutgifter	8	8 060 423,76	7 809 347,00	7 809 347,00	7 784 144,00
Utlån	18	320 000,00	320 000,00	120 000,00	211 437,75
Sum eksterne finansutgifter (F)		13 349 493,48	14 466 241,00	14 766 241,00	14 024 993,01
Resultat eksterne finanstransaksjoner (G = E - F)		-10 736 589,68	-11 688 118,00	-11 573 118,00	-10 728 322,85
Motpost avskrivninger	9	9 035 032,00	6 476 943,00	6 476 943,00	8 311 047,00
Netto driftsresultat (I)		5 020 329,21	1 259 264,96	2 801 185,00	-8 558 678,96
		1,53 %			
Interne finanstransaksjoner					
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk		0,00	0,00	0,00	3 571 822,77
Bruk av disposisjonsfond	6	8 944 060,33	9 642 031,90	1 963 463,00	13 857 222,58
Bruk av bundne fond	6	2 176 767,04	2 045 014,44	1 159 328,00	3 368 682,16
Sum bruk av avsetninger (J)		11 120 827,37	11 687 046,34	3 122 791,00	20 797 727,51
Overført til investeringsregnskapet		1 074 573,41	1 008 899,00	44 470,00	714 215,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk		0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger til disposisjonsfond	6	8 027 553,67	9 661 011,82	4 759 076,00	9 410 132,58
Avsetninger til bundne fond	6	2 321 015,25	2 276 400,48	1 120 430,00	2 114 700,97
Sum avsetninger (K)		11 423 142,33	12 946 311,30	5 923 976,00	12 239 048,55
Årets rekneskapsmessige mindreforbruk		4 718 014,25	0,00	0,00	0,00
Årets rekneskapsmessige meirforbruk		0,00	0,00	0,00	0,00
Sum (L = I + J - K)		4 718 014,25	0,00	0,00	0,00



HOVUDOVERSIKT - INVESTERINGSREKNESKAPEN				
	Rekneskap 2015	Budsjett (end) 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	1 208 719,50	2 000 000,00	2 000 000,00	981 125,00
Andre salgsinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer med krav til motytelse	2 606 274,75	0,00	0,00	66 667,00
Kompensasjon for meirverdiavgift	3 542 393,00	0,00	0,00	1 591 767,22
Statlige overføringer	506 000,00	0,00	0,00	0,00
Andre overføringer	870 000,00	870 000,00	0,00	0,00
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter (L)	8 733 387,25	2 870 000,00	2 000 000,00	2 639 559,22
Utgifter				
Lønnsutgifter	0,00	0,00	0,00	30 903,86
Sosiale utgifter	0,00	0,00	0,00	4 357,45
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	15 523 734,24	18 072 193,00	13 000 000,00	10 745 283,63
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	467 931,80	0,00	0,00	400,00
Overføringer	3 602 817,00	0,00	0,00	1 591 767,22
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter (M)	19 594 483,04	18 072 193,00	13 000 000,00	12 372 712,16
Finansransaksjoner				
Avdragsutgifter	1 707 808,00	1 776 201,00	1 776 201,00	1 618 906,00
Utlån	2 100 000,00	3 000 000,00	3 000 000,00	3 600 000,00
Kjøp av aksjer og andeler	1 887 793,00	687 793,00	0,00	3 717 034,00
Dekning av tidlegare års udekka	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger til ubundne investeringsfond	135 420,00	85 700,00	0,00	157 881,00
Avsetninger til bundne fond	781 884,24	0,00	0,00	762 135,97
Avsetninger til likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum Finans- og finansleringstransaksjoner (N)	6 612 905,24	5 549 694,00	4 776 201,00	9 855 956,97
Finansieringsbehov (O= M + N - L)	17 474 001,03	20 751 887,00	15 776 201,00	19 589 109,91
Dekkast slik:				
Bruk av lån	7 947 100,08	12 246 472,00	11 700 000,00	11 289 387,91
Mottatte avdrag på utlån	2 394 120,24	1 861 901,00	1 776 201,00	2 466 741,97
Salg av aksjer og andeler	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av tidlegare års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer fra driftsregnskapet	1 074 573,41	964 429,00	0,00	714 215,00
Bruk av disposisjonsfond	854 084,59	854 085,00	0,00	156 441,40
Bruk av ubundne investeringsfond	5 204 122,71	4 825 000,00	2 300 000,00	4 962 323,63
Bruk av bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum Finansiering (R)	17 474 001,03	20 751 887,00	15 776 201,00	19 589 109,91
Udisponert overskott	0,00	0,00	0,00	0,00
Udekka underskott	0,00	0,00	0,00	0,00



HOVUDOVERSIKT - TILGANG OG BRUK AV MIDLAR	
	Røkneskap 2014
Tilgang av midlar	
Inntekter driftsdel (sum=B)	+ 327 412 447,17
Inntekter investeringsdel (sum=L - 900-905)	+ 8 733 387,25
Innbetalningar ved eksterne finanstrans. driftsdel (sum=E)	+ 2 612 903,80
Innbetalningar ved eksterne finanstrans. investeringsdel	+ 10 341 220,32
Sum tilgang av midlar	= 349 099 958,54
Bruk av midlar	
Utgifter driftsdel (sum=C - 590)	+ 311 655 528,28
Utgifter investeringsdel (sum=M - 590)	+ 19 594 483,04
Utbetaling ved eksterne finanstrans. driftsdel (sum=F)	+ 13 349 493,48
Utbetaling ved eksterne finanstrans. investeringsdel	+ 5 695 601,00
Sum bruk av midlar	= 350 295 105,80
Differanse (tilgang - bruk)	= -1 195 147,26
Memoriakonto ubrukte lånemidlar (+ ved auke)	+ 1 752 899,92
Endring i arbeidskapital	= 557 752,66
Avsetningar drift	+ 10 348 568,92
Avsetningar investering	+ 917 304,24
Bruk av avsetningar drift	- 11 120 827,37
Bruk av avsetningar investeringar	- 6 058 207,30
Til avsetning seinare år drift	- 0,00
Til avsetning seinare år investering	- 0,00
Netto avsetningar	= -5 913 161,51



HOVUDOVERSIKT - BALANSE			
	Note	Saldo 31.12.2015	Saldo 31.12.2014
EIGENDELAR			
Anleggsmidler		626 543 886,35	589 585 328,23
Faste eiendommer og anlegg	9	229 368 891,33	219 542 697,38
Utstyr, maskiner og transportmidler	9	11 546 980,18	11 112 088,54
Utlån	18	37 641 772,84	39 282 396,31
Aksjer og andeler	4	10 975 021,00	9 159 806,00
Pensjonsmidlar	2	337 011 221,00	310 488 340,00
Omløpsmidlar		126 945 268,69	129 045 776,20
Kortsiktige fordringer		26 993 833,00	21 614 350,52
Premieavvik	2	20 400 141,34	25 490 037,34
Aksjer og andeler	4	0,00	0,00
Sertifikater		0,00	0,00
Obligasjoner		0,00	0,00
Kasse, postgiro, bankinnskudd		79 551 294,35	81 941 388,34
SUM EIGENDELAR		753 489 155,04	718 631 104,43
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital		45 733 770,23	40 739 443,45
Disposisjonsfond	6	36 793 111,88	38 563 703,13
Bundne driftsfond	6	9 134 528,68	8 990 280,47
Ubundne investeringsfond	6	11 521 105,52	16 589 808,23
Bundne investeringsfond	6	5 359 568,16	4 577 683,92
Endringer i R-prinsipp som endrar AK Drift	19	-4 048 436,99	-4 048 436,99
Endringer i R-prinsipp som endrar AK Investering		0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk		4 718 014,24	-0,01
Regnskapsmessig merforbruk		0,00	0,00
Udisponert i investeringsrekneskapen		95 936,37	95 936,37
Udekka i investeringsrekneskapen		0,00	0,00
Kapitalkonto	5	-17 840 057,63	-24 029 531,67
Gjeld		663 640 611,00	631 118 627,00
Langsiktig gjeld		430 484 920,00	398 085 357,00
Pensjonsforpliktelsar	2	430 484 920,00	398 085 357,00
Ihendehaverobligasjonslån		0,00	0,00
Sertifikatlån	7	71 500 000,00	40 000 000,00
Andre lån	7	161 655 691,00	193 033 270,00
Kortsiktig gjeld		44 114 773,81	46 773 033,98
Kassekredittlån		0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld		42 977 020,46	45 239 976,06
Premieavvik	2	1 137 753,35	1 533 057,92
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		753 489 155,04	718 631 104,43
Memoriakonto		19 633 148,31	17 795 487,39
Ubrukte lånemidler		19 050 452,31	17 297 552,39
Andre memoriakonti	11	582 696,00	497 935,00
Motkonto for memoriakontiene		-19 633 148,31	-17 795 487,39



Rekneskapsskjema

Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen				
	Rekneskap 2015	Budsjett (end) 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014
Frie inntekter				
Skatt på inntekt og formue	+	87 595 575	91 019 000	87 100 062
Ordinært rammetilskot	+	135 963 637	129 944 000	131 555 427
Eigedomsskatt	+	17 281 910	16 982 395	17 097 395
Andre direkte eller indirekte skatter	+	3 951 683	3 826 000	4 001 702
Andre generelle statstilskott	+	14 296 001	13 430 915	8 713 220
Sum frie disponible inntekter	=	259 088 805	255 202 310	237 816 134
Finansinntekter				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	+	2 418 601	2 593 123	3 208 299
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	+	0	0	0
Renteutg., provisjonar og andre finansutgifter	-	4 969 070	6 336 894	6 029 411
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	0	0	0
Avdrag på lån	-	8 060 424	7 809 347	7 784 144
Netto finansinntekter/-utgifter	=	-10 610 892	-11 553 118	-10 605 256
Avsetningar				
Til dekning av tidlegare rek. mindreforbruk	-	0	0	0
Til ubundne avsetningar	-	8 027 554	9 661 012	9 410 133
Til bundne avsetningar	-	2 321 015	2 276 400	2 114 701
Bruk av tidlegare års rek. mindreforbruk	+	0	0	3 571 823
Bruk av ubundne avsetningar	+	8 944 060	9 642 032	13 857 223
Bruk av bundne avsetningar	+	2 176 767	2 045 014	3 368 682
Netto avsetningar	=	772 258	-250 366	9 272 894
Overført til investeringsrekneskapen	-	1 074 573	1 008 899	714 215
Til fordeling drift	=	248 175 598	242 389 927	235 769 557
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	=	243 457 584	242 389 927	235 769 557
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	=	-4 718 014	0	0

Rekneskapsskjema 1B - Driftsrekneskapen				
Ansvær	Rekneskap 2015	Budsjett (end) 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014
Til fordeling drift (frå rekneskapsskjema 1A)	248 175 598	242 389 927	237 898 767	235 769 557
Fordelt slik:				
1000 RÅDMANN	24 926 654	25 102 453	26 366 374	22 189 805
1200 LØNN OG PERSONAL	3 135 594	3 495 676	3 495 676	3 066 399
1400 IKT	3 055 662	3 026 432	3 026 432	2 932 093
1500 ØKONOMI	5 828 044	6 025 892	6 025 892	5 963 119
1600 UTVIKLING	11 875 996	11 717 713	11 673 985	11 112 945
1700 TENESTETORG	4 417 836	4 282 606	4 083 001	4 417 291
2101 ENGE SKULE	37 849 958	36 379 660	35 525 660	33 814 804
2103 RYGG SKULE	2 384 965	2 462 380	2 710 087	4 372 050
2105 SKÅNEVIK SKULE	14 151 413	13 754 935	13 538 293	12 889 309
2201 ENGE BARNEHAGE	11 011 734	11 256 789	11 256 789	11 178 779
2203 RYGG BARNEHAGE	3 249 650	3 467 785	3 467 785	3 524 187
2205 SKÅNEVIK BARNEHAGE	7 665 862	7 716 878	7 716 878	7 938 798
2300 KULTUR	7 991 430	8 142 632	8 218 307	8 669 265
3000 HELSE OG SOSIAL	28 766 923	27 011 652	26 993 157	23 824 123
3001 HS AVD. 1 BISTAND OMSORG	0	0	0	-63 606
3002 HS AVD. 2 BISTAND OMSORG	11 588 883	12 715 915	12 715 915	11 752 693
3500 PLEIE- OG OMS.TENESTER, FELLES	2 214 194	2 476 957	1 289 952	1 831 670
3501 PLO AVD. 1 ETNE	16 016 953	16 140 777	15 640 777	16 928 151
3502 PLO AVD. 2 ETNE	18 650 150	18 233 290	18 233 290	18 911 006
3504 PLO AVD. SKÅNEVIK	15 438 801	15 729 152	15 317 163	16 976 197
3600 NAV KOMMUNE	4 716 418	5 165 218	5 165 218	3 835 589
4200 DRIFT/VEDLIKEHALD	10 592 830	10 366 033	11 479 638	12 191 090
5000 RÅDMANN - FINANS	-2 072 366	-2 280 897	-6 041 502	-2 486 204
Sum fordelt til ordinær drift	243 457 584	242 389 927	237 898 767	235 769 557



Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapen					
		Rekneskap 2015	Budsjett(end) 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014
Investeringar i anleggsmidler	+	19 594 483,04	18 072 193,00	13 000 000,00	12 372 712,16
Utlån og forskutteringar	+	3 987 793,00	3 687 793,00	3 000 000,00	7 317 034,00
Avdrag på lån	+	1 707 808,00	1 776 201,00	1 776 201,00	1 618 906,00
Avsetningar	+	917 304,24	85 700,00	0,00	920 016,97
Årets finansieringsbehov	=	26 207 388,28	23 621 887,00	17 776 201,00	22 228 669,13
Finansiert slik:					
Bruk av lånemidler	+	7 947 100,08	12 246 472,00	11 700 000,00	11 289 387,91
Inntekter frå sal av anleggsmidler	+	1 208 719,50	2 000 000,00	2 000 000,00	981 125,00
Tilskot til investeringar	+	1 376 000,00	870 000,00	0,00	0,00
Kompensasjon for meirverdiavgift		3 542 393,00	0,00	0,00	1 591 767,22
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	+	5 000 394,99	1 861 901,00	1 776 201,00	2 533 408,97
Andre inntekter	+	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum ekstern finansiering	=	19 074 607,57	16 978 373,00	15 476 201,00	16 395 689,10
Overført frå driftsrekneskapen	+	1 074 573,41	964 429,00	0,00	714 215,00
Bruk av avsetningar	+	6 058 207,30	5 679 085,00	2 300 000,00	5 118 765,03
Sum finansiering	=	26 207 388,28	23 621 887,00	17 776 201,00	22 228 669,13
Udekka/udisponert	=	0,00	0,00	0,00	0,00



Rekneskapsskjema

Rekneskapsskjema 2B - Investeringsrekneskapen				
Prosjekt	Rekneskap 2015	Budsjett(end) 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014
Til investeringar i anleggsmidlar (frå skjema 2A)	19 594 483	18 072 193	13 000 000	12 372 712
Fordelt slik:				
50001 GRUNNINNLØYSING UTBYGGING AREAL	0	1 198 127	1 500 000	761 492
50007 EDB-INVESTERINGAR	0	320 797	700 000	456 060
50017 OPPRUSTING KOMMUNALE BYGNINGAR	0	976 667	2 500 000	0
50024 UTLÅN - FORMIDLINGSLÅN (HBANK)	60 424	0	0	0
50032 SAL AV TOMTER NÆRING	21 675	0	0	10 290
50033 SAL AV BUSTADTOMTER	12 350	0	0	0
50049 FERDIGSTILLING - EIKANES (MØRKELI)	81 388	0	0	97 000
50076 BUSTADOMRÅDE FITJA (2005)	39 425	0	0	0
50115 SKAKKESENTER, BIBLIOTEK (2010)	223 372	0	0	0
50116 SKAKKESENTER, KULTURSKULE, UNDERVISNING (2010)	86 745	0	0	1 724 243
50117 ENGE KUNSTGRASBANE (2010)	0	0	0	80 913
50123 ETNE OMS.SENTER, NYBYGG (2013)	520 995	0	0	210 799
50128 OMBYGGING ROM TINGHUSET (2011)	0	0	0	82 738
50129 UTBYGGING AV BARNEHAGEN I SKÅNEVIK (2011)	98 508	0	0	115 404
50131 OPPGRADERING VAR-OMRÅDA (2011)	0	1 421 159	2 000 000	0
50132 ENGE KUNSTGR. BANE, P-PLASS M/SYKKEL OG GANGSTI (2011)	9 956	0	0	1 139 202
50145 LEIKEPlass ENGE BARNEHAGE OPPGRAD. (2012)	0	0	0	290 406
50151 LEKNESTANGEN	2 125	1 700	0	99 089
50153 BYGGEMODNING KAMBE (2013)	20 930	20 930	0	115 169
50156 SMARTBOARD I SKULANE (2013)	0	0	0	1 040 375
50157 OPPGRADERING KAIAR (2013)	0	1 940 000	2 000 000	0
50158 SKILT VEGNAMN (2014)	178 724	142 979	0	0
50159 KAMBE VASSVERK OPPGRADERING (2013)	45 698	45 698	0	91 625
50160 VASSLEDNING SÆBØVIK - HOTELLET (2013)	0	0	0	3 256 200
50161 HAMN EIKEMO (2013)	75 000	60 000	0	82 370
50162 OPPRUSTING OSNESVEGEN (2013)	1 499 129	1 200 788	0	0
50163 OPPGRADERING ALARMANLEGG ENGE SKULE OG BARNEHA	0	0	0	316 103
50164 OPPGRADERING TRYGGLEIKSALARMAR (2014)	0	0	0	34 983
50166 INVENTAR OG UTSTYR PLO (2013)	0	0	0	664 073
50167 OPPGRADERING PRESTEBOLIG SKÅNEVIK	0	0	0	169 612
50169 OPPGRADERINGSPLAN VEGAR OG BRUAR	0	0	2 500 000	0
50170 TANKBIL BRANN	0	0	0	100 000
50172 SKÅNEVIK IDRETTSANLEGG	0	0	0	225 000
50174 OPPRUSTING VEGDEKKE OSNESVEGEN (2014)	0	0	0	426 434
50175 OPPRUSTING BERGEVEGEN (2014)	0	0	0	193 392
50176 VOGNSKUR RYGG BHG (2014)	0	0	0	223 525
50177 NYTT KJØKKEN RYGG BHG (2014)	0	0	0	48 746
50178 NYTT LAGER OG OMBYGG. ENGE BHG (2014)	0	0	0	199 169
50179 MIDL. LØSYING SKÅNEVIK BHG (2015)	2 691 348	2 500 000	1 500 000	0
50180 NYTT KONTOR BUFELLESSKAPET (2015)	367 445	300 000	300 000	0
50181 OPPRUSTING IVELANDSHUSET (2014)	426 487	341 483	0	0
50182 NYTT BOREHULL KYRPING (2014)	108 944	103 312	0	46 638
50184 OPPRUSTING SILANLEGG SKÅNEVIK	816 325	0	0	0
50185 OPPGRADERING SKÅNEVIK SKULE (2015)	1 241 310	993 048	0	0
50186 VENTILASJONSANLEGG TINGHUSET (2015)	795 730	1 000 000	0	0
50187 BIL OPPMÅLING (2015)	119 400	119 400	0	0
50188 OMBYGGING REDUKSJONSVENTIL (2015)	185 621	185 621	0	0
50189 RULLESPORTBANE ETNE (2015)	1 276 956	870 000	0	0
50190 RULLESPORTBANE SKÅNEVIK (2015)	1 000 000	700 000	0	0
50191 PRESTALIO - UTBYGGING (2015)	2 677 171	0	0	0
50192 INVESTERINGAR ENGE SKULE (2015)	611 129	311 321	0	0
50193 FRETTEVEGEN (2015)	1 112 970	890 375	0	0
50194 EKSTRA UTSTYR BRANN (2015)	661 250	525 000	0	0
50195 NYE LOKALAR OG INVENTAR FELLES IKT	474 004	379 203	0	0
50197 ETNE SILANLEGG (2016)	2 931	0	0	0
50198 OVERVATN SKÅNEVIK (2015)	718 417	574 733	0	0
50199 OMBYGGING BRANNBIL ETNE (2015)	268 750	216 667	0	0
50200 DAGTANK SILDE (2015)	247 940	244 210	0	0
50201 NYTT GJERDE ENGE BARNEHAGE (2015)	236 003	188 802	0	0
50204 KRYSS PRESTALIO (2015)	210 000	0	0	0
55002 PLANARB. NÆRINGSOMR. FIKSE	367 907	300 173	0	67 988
SUM	19 594 483	18 072 193	13 000 000	12 369 037



SAKSGANG		
Utvalg	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalget	09.05.16	08/16

Saksansvarlig:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL 2016-2020 - OVERORDNA ANALYSE - RISIKOSPILL

Saksorientering:

Etter forskrift om kontrollutval § 10 og § 13 har kontrollutvalet ansvaret for å utarbeide og oppdatere plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Planen skal være basert på ein overordna analyse av kommunen sin verksemd ut ifrå ein risiko- og vesentlegheitsvurdering, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i kommunen.

I møtet 23.11.15, sak 23/15 blei Deloitte AS engasjert av utvalet til å utarbeide analyse og utkast til plan. I dette fyrste prosessmøtet blir medlemmene invitert til å delta i Deloitte sitt risikospill. Dette som en del av prosessen for å komme med innspel til ny overordna analyse.

Analysen er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine egne vurderingar skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekt i den endelege planen. Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjer kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Det er kanskje ikkje realistisk at planen inneheld meir enn 6 - 8 prosjekt, da årleg budsjett tilseier at det ikkje blir gjennomført meir enn eit prosjekt pr. år – dette er minstekravet i forskrift om kontrollutvalet om minst eitt i året.

I prosessmøte nr. 2 (truleg i septembermøtet) skal kontrollutvalet gjennomføre si endelege prioritering til planen for forvaltningsrevisjon. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta vere ferdigstilt og lagt fram for kontrollutvalet i forkant. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert med ein risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte nr 1. På bakgrunn av denne risikoanalysen vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til.

Det er kontrollutvalet som skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, samt kva selskap man skal prioritere å gjere selskapskontroll i, før saka blir oversendt kommunestyret for slutthandsaming.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval tar innspela som kjem fram under risikospillet i regi av Deloitte AS til orientering.

Utvalet kjem tilbake til saka når analysedokumententa er ferdige og prosjekta skal prioriterast.

Aksdal, 02.05.16



Odd Gunnar Høie
Rådgiver/utvalgssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	09.05.16	09/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

SYNLEGGJERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID

Bakgrunn:

I protokollen etter møte i kontrollutvalet den 08.02.16, sak 02/16 er mellom anna følgjande protokollert:

.....Leiar ønskte at det blei laga ein plan på korleis utvalet sitt arbeid skulle bli betre kjent blant andre politikarar og innbyggjarane.....

Saksorientering:

Sekretariatet har funne fram nokre innspel som vil kunne være nyttige i eit slikt arbeid. Innspela er henta frå kapittel 5 i Kontrollutvalsboken.

Arbeidet til kontrollutvalet vil ofte vere av stor offentleg interesse. Kontrollutvalet kan synleggjere sitt arbeid både internt i kommunen og overfor media og innbyggjarane i kommunen. Synleggjering har fleire sider, mellom anna offentlegheit og innsyn i dokument, aktiv deltaking i kommunestyret og medieomtale av arbeidet til utvalet.

Hovudregelen er at saksdokumenta til forvaltninga er offentlege med mindre det er gjort unntak i lov eller i medhald av lov.

Opne møte skapar tillit. Dette gjeld særleg kontrollarbeid slik som kontrollutvalet driv med. Reglane om opne møte i kommunelova gjeld også for kontrollutvalet.

Det er viktig at kommunestyret blir informert om resultata av verksemda til kontrollutvalet. Kontrollutvalet kan ta initiativ overfor kommunestyret til å drøfte rutinar for kor ofte kontrollutvalet skal rapportere om sitt arbeid.

Kontrollutval kan tidleg i valperioden halde ein presentasjon for kommunestyret om kontrollutvalet og arbeidet til kontrollutvalet.

For å sikre at arbeidet til kontrollutvalet får tilstrekkeleg merksemd, bør revisjonsrapportar og andre prinsipielle og viktige saker rapporterast fortløpande til kommunestyret. I tillegg vil det vere ein føremon at kontrollutvalsleiar medverkar aktivt til å synleggjere utvalet sitt arbeid i kommunestyret. Deltaking i kommunestyret kan også gjere kontrollutvalet betre orientert om kva saker kommunestyret handsamar og har fokus på.

Det er viktig at informasjon om kontrollutvalet er lett tilgjengeleg. Media og innbyggjarar søkjer informasjon om saker knytte til politikk og forvaltning på nettstaden til kommunen.

Mange kontrollutval ser det som ein føremon å ha eigne sider med informasjon om utvalet på nettstaden til kommunen

I tillegg til å synleggjere arbeidet på nettstaden til kommunen, er det mogleg å annonsere planlagde møte i lokale media. Det kan vere nyttig at kontrollutvalet drøftar korleis dei skal møte media. Nokre kontrollutval har valt å utarbeide ein informasjonsstrategi for korleis dei skal drive informasjonsarbeid internt og eksternt.

Sekretariatet har i samanheng med opplæring av nye folkevalde hausten 2015 deltatt på folkevaldopplæring i fleire kommunar. Medlemmene i kommunestyrene har fått ei innføring i ansvaret og oppgåvene til kontrollutvalet. Politikarane i Etne har så langt ikkje fått denne opplæringa frå sekretariatet.

Heimesidene til kommunen har ikkje mykje informasjon om utvalet. Der kan kommunen leggje ut meir informasjon, og sørge for at alle sakspapir og protokollar blir lagde ut til kvart møte. På sekretariatet sine sider www.kontrollutvalgene.no blir alle sakspapir, protokollar og rapportar lagt ut kontinuerleg.

Sekretariatet vil peika på at annonsering i lokalavisa av utvalet sine møter også vil kunne betre kjennskapen til utvalet.

Medlemmene vil i møtet drøfte kva dei kan gjere for betre å synleggjere arbeidet i utvalet og eventuelt lage ein plan for det vidare arbeidet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval tar sekretariatet sin informasjon om synleggjering av kontrollutvalet sitt arbeid til etterretning.

Etne kontrollutval vil prioritere følgjande tiltak for å synleggjere sitt arbeid:

1.
2.
3. osv.

Aksdal, 02.05.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær